



Gunn Mari Moberg saman med ordførarkandidat Peder Sjø Slettebø i formannskapet i føremiddag

**Uskedalen har vore solid representert i formannskap og kommunestyre i den siste perioden, men det vert spennande i den neste: Kan vi halda oppe representasjonen?**  
**Under møtet i formannskapet i føremiddag var 3 frå vår bygd på plass og gjorde seg sterkt gjeldande. Men alle 3 svara negativt då uskedalen.no spurde om dei tek attval og her er grunnene til at dei ikkje gjer det:**



Kjell Yri og Eskil Moen tek heller ikkje attval

ESKIL MOEN, FRAMSTEGSPARTIET;

- **Eg seier nei til attval fordi eg må prioritera jobben**

KJELL YRI, VENSTRE:

- **Eg vil ikkje meir, eg har vore med lenge og no må yngre krefter sleppa til. Det skal eg jobba for, eg er sjølv leiar for nominasjonen**

GUNN MARI MOBERG, HØGRE:

- **Eg har vore med lenge nok og også eg er leiar for nominasjonen i mitt parti. Dermed kan eg sjølv hindra at eg vert stilt opp att!**

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen